



# Kyrkjeblad

FOR ASKVOLL

Nr. 1 | Jul | 2020 | 98. ÅRG.



*Vi ynskjer alle ei velsigna  
adventstid og ei god jul!*



# «Der det er hjarterom, der er det husrom!»

I dei dagane let statsminister Erna Solberg lysa ut at det skulle takast manntal over alle dei som kjem til kyrkje for å feire jul. Dette var første gongen dei tok manntal i kyrkja og det hende det året vi vart ein del av Vestland fylke. Dette året vart det ikkje til at kvar og ein for heim til si eiga bygd og grend grunna viruset dei kalla Covid-19. Men Solveig og Kjell, dei for heim til bygda. Solveig venta då barn. Då julekvelden kom, ville dei til kyrkje. Dei gjekk opp bakkane til kyrkja, klokkene kima og stjernene glitra på himmelen. Ute var det hustrig og kaldt, men dei gjekk. Då dei endeleg kom fram til kyrkja, stod kyrkjetenaren og soknerådsleiaren i døra og ynskte dei God jul. Så såg dei på kvarandre, slo ut med armane og sa til dei: Her er ikkje rom for dykk nokon stad, vi kan berre ta inn 73 menneske i denne kyrkja grunna smittevernsrestriksjonane som gjeld, så de må vere så greie å komme att ein annan gong!

Det er få gonger kjensla av å høyre til i eit fellesskap er viktigare enn ved jul. Det kjem til uttrykk i dei mange tradisjonane vi har: Vi pyntar juletre, vi lagar til den same maten og syng dei same songane. Familiane samlast, vi ringer, tekstar og sender julehelsingar til vener og kjende. Somme tek den årlege turen ned til naboen i svingen med nokre nybaka julekaker og ei julestjerne. Dei utflytta ungdomane er heime og møtast til lått og løye. Mange tar eit bilete som dei postar på sosiale medium med ro, fred, fellesskap og glede. Dette året vert mange ting annleis, men vi skal framleis feire jul. Vi treng å kome saman, feire jul, syng julesongar, kjenne på fellesskapet i kyrkje, bygd og familie. Ta turen til kyrkje i år! Somme stader lyt du melde deg på – men det klarar du fint!

Kan hende kan du i år fare til kyrkje på juledag i staden.

Kan hende lyt du velje ei gudsteneste i staden for ein konsert.

Kan hende lyt du i år lese juleevangeliet heime fordi du ikkje vågar deg til kyrkje på julekvelden.

Biletet av Josef og Maria på leit etter ein kvilestad i Betlehem er vel kjend. Vi les at Maria måtte legge det nyfødde barnet i ei krybbe, fordi det ikkje var husrom for dei. Englebodet om barnet som var fødd, gjekk til gjetarane, dei som låg ute om natta – langt frå bygda og heimen. Til dei kom bodet om ei stor glede: **«I dag er det fødd ein frelsar i Davids by, han er Messias Herren!»** Meir enn nokon gong vert det i år viktig å tenkje på dei det ikkje er husrom for. Vi har eit ordtak som heiter: **«Der det er hjarterom,**



**der er det husrom!»** Det vert som oftast brukt under hendingar der ein stuar saman meir folk enn det eigentleg er plass til. Men i meir overført tyding så handlar det om at fordi ein har eit sterkt ønske om at alle skal med, så ryddar ein eit rom ekstra, utvidar, selskapet, stuar saman, smørjer meir mat og tenner fleire ljøs. I år kan vi ikkje syne hjarterom på den måten, men vi må ta vare på kvarandre. Det er viktigare enn nokon gong før.

Idet Solveig og Kjell fekk høyre at det var fullt og at dei måtte komme att ein annan gong, så kom kyrkjenaboen ungar-Ola opp på kyrkjetrappa i finskjorta. Han rista på hovudet og så sa han: De kan komme inn til meg om de vil. Ikkje har eg juletre og stova mi er ikkje så fin, men der er godt og varmt. Kaffi kan eg koke og smultringar har eg kjøpt. Kan hende tok han fram munnspelet og spelte nokre strofer frå **«Det lyser i stille grender»** før kaffien var oppdrukken, og gudstenesta i kyrkja var slutt.

**Knut Magne Nesse  
Prosten i Sunnfjord**



# – Eg har gleda meg i heile dag!

Det var stor forventning i lufta då det unge publikumet stod klar i døra med Kirkerotteteater-billetten i handa. Denne septemberkvelden var andre året Kirkerotteteateret kom på besøk til Askvoll kyrkje, og rottene Vesle og Fredo skuffa ikkje!



Frå kyrjekontoret sende vi ut invitasjonar til alle 3–6-åringar i soknet, og laga til kohortar for kvar skule og barnehage i kyrkja, slik at alle skulle ha det smittevernsmessig trygt denne timen vi var samla. Kirkerottene var i skikkelig storslag, sjølv om dei også måtte «halde meteren», slik som oss andre. Vi fekk høyre historien Jesus sitt møte med Sakkeus, og vi fekk møte Viggo som sa han var ein svale, men var han eigentleg det? Vi gler oss til vi får høyre fleire historiar av Kirkerottene, neste år!

I oktober og november hadde vi utdeling av «Mi kyrkjebok» i kyrkjene våre. Det var mange spente og stolte 4- og 6-åringar som møtte fram for å ta i mot boka si. Desse bøkene har forteljingar, sanger og bønner som er tilpassa desse aldersgruppene, og er veldig fine å bruke til trusopplæring heime.

**Guri Høstaker Nordheim**





# Konfirmantane i Askvoll 2020



**Holmedal 27. september**

**Frå venstre:** Sokneprest Kjell Olav Høstaker Nordheim, Johan Olav Lien, Mathilde Nes Veberg, Brage Losnegård Hansen, Githa Angelika Kløtveit, Kristian England.



**Askvoll 13. september**

**Frå venstre:** Tale Follevåg, Amalie Marie Moldestad Strømme, Thomas Øyan Dalsøren, Malvin Hjørnevåg, Kristoffer Ask Torsheim.



**Vilnes 12. september**

**Frå venstre:** Vilde Mattevik Vilnes, Emil Høyvik Landøy, Emil Saltskår Gjervik, Roar Herland Ytrøy, Nataniel Andre Hylderås Siljander, Jarand Sund Veka, Daniel Vilnes Gjervik, Emilie Olset, sokneprest Kjell Olav Høstaker Nordheim.





**Bulandet 19. september**

**Frå venstre:** Sokneprest Kjell Olav Høstaker Nordheim, Lance Angelo Grepstad, Kristian Elias Fedøy Tusvik, Elias Halsøy, Anna Semcenko, Beate Oddekalv, Nora Andrea Fedøy Norheim, Silje Fedøy.



**Stongfjorden 20. september**

**Frå venstre:** Elias Håvåg, sokneprest Kjell Olav Høstaker Nordheim.



**Kvammen 20. september**

**Frå venstre:** Robel Yemane Brhane, Håvard Nymoen Selvik, Kristoffer Mandelid.





Frå presentasjonsgudstenesta i Askvoll kyrkje den 30. august.

## Nye konfirmantar 2020 – 2021

Til og med i ei tid som denne starta eit nytt konfirmantår opp i august. 23 nye konfirmantar har meldt seg til å delta, og her er nokre glimt frå dei første samlingane våre. Det har vore presentasjonsgudstenester og undervisning alt før det førre konfirmant-året var avslutta! (Dei som var konfirmantar 2019-2020 vart konfirmerte i september månad).

Men når oktober kom, vart det tid for ein fin og

viktig tradisjon for konfirmantane. Det er viktig å dele opplevingar. Ein god måte å gjere det på, er å dra på tur i lag. Sjølv om det tradisjonelle hausttreffet på Nesholmen ikkje kunne arrangerast denne hausten, pga. smitte-situasjonen, fekk konfirmantane likevel høve til å delta på ein hausttreff-dag på Nesholmen den 17. oktober. Og det vart etter alt å dømme ein flott dag!



KFUK-FUM Sogn og Fjordane skipa til denne dagen, og vi frå Askvoll var der saman med ei gruppe som kom frå Deciding, ten-sing i Førde. Fokustimen og gudstenesta var det Erling Nydal som stod for. Han er tidlegare ungdomsprest i Førde, og var no med som leirprest. Til dagleg er han kyrkjevevjerje i Kinn.

I bussen på heimveg laurdag kveld, skulle ein tru det var ein sliten gjeng som sat i set, etter så mykje aktivitetar og frisk luft på ein haustdag. Men den gong ei! Det var stor stemning i bussen, til glede for alle, inkludert sokne-

Frå presentasjonsgudstenesta i Holmedal kyrkje den 13. september.





*I Kvammen er det fem som skal konfirmerast til neste vår.*

prest Kjell Olav Høstaker Nordheim og sokneprest i Fjaler, som begge var med denne fine gjengen på tur. Takk til KFUK-M som skipa til dagen trass alle restriksjonar, og takk til Knut Arne som også køyrde bussen trygt fram og attende.



*Det vart også tid til samling både i peisestova og i kapellet, leia av Erling Nydal.*



*Ein fin flokk på veg til kanoane!*



*Ein tur utpå er alltid populært.*



*Vi var skikkeleg heldige med vêret på ein dag der vi uansett var mykje ute!*





# Sunnivasegласen gjestar Askvoll



*Mange hadde møtt fram på småbåthamna i godvêret denne flotte seinsommarkvelden, for å ta imot gjestane.*

*Måndag 31. august fekk Askvoll besøk av Sunnivasegласen, ein historisk og felleskristen seglas med fokus på kystkultur, pilegrimstradisjon og Kystpilegrimsleia. Frå 28. august til 5. september 2020 vart ein kopi av Sunniva-skrinet frakta sørover med historiske farkostar langs Kystpilegrimsleia. Slik vart det markert at det i år er 850 år sidan flyttinga av Sta. Sunniva sine levningar frå Selja til Bergen fann stad.*

I Askvoll var det denne kvelden invitert til Sunnivamesse, ei felleskristen gudsteneste. Men mange møtte også fram på kaia i Askvoll småbåthavn før gudstenesta. Der kunne dei saman med ordførar ta imot når segласen la til kai. Her var revygruppa Skøy med og gav hendinga musikalsk og maritimt preg.

Følgjet gjekk syngande i prosesjon til kyrkja, for å feire den enkle kveldsgudstenesta under leiing av sokneprest Kjell Olav og sokneprest i Fjaler, Knut Arne Kummeneje. Konfirmantane 20/21 og Askvoll kyrkjekor deltok under prosesjonen og kveldsgudstenesta.



*Prosesjonen nærmar seg kyrkja.*





Alle konfirmantane i Askvoll har fått i oppgåve å skrive brev til framtida. I Sunnivamessa kom dei fram og la breva sine i Sunnivaskrinet.

Dei fire ungdomspilegrimane Elisabeth, Ingeborg, Victoria og Sunniva fortalde litt om egne forventningar og erfaringar. Saman med dei var Anine Vieth Mildestvedt frå Bjørgvin bispekontor, for høvet reserveemor for dei unge pilegrimane.

Alle konfirmantane i Askvoll hadde fått i oppgåve å skrive brev til framtida. I Sunnivamessa kom dei fram og la breva sine i Sunnivaskrinet. Brevet følgde med skrinet vidare til Bergen. Tema i preika var kva som trengst for at vi skal velje den gode framtida. Treng vi mange ulike lover, eller held det med Dei Ti

Boda? Viktigaste vegvisar vi har er Det doble kjærleiksbodet frå Jesus. «Du skal elska Herren din Gud av heile ditt hjarte og av heile di sjel og av alt ditt vit. Dette er det største og første bod. Men eit anna er like stort: Du skal elska din neste som deg sjølv.»

Etter Sunnivamessa i kyrkja stod Askvoll kommune og Askvoll sokn for ei samling i Askvoll samfunnshus med middag, underhaldning og foredrag, alt flott lagt til rette av lokal prosjektleiar for samarbeidet, Jeroen van Gangelen frå Askvoll kommune.

Under samkoma fekk også ungdomspilegrimane



Dei fire ungdomspilegrimane Elisabeth, Ingeborg, Victoria og Sunniva, Frå ulike kristne trudoms-samfunn.





Ordføraren helsar følgjet velkommen til Askvoll i Sunnivamessa.

møta konfirantar frå Askvoll, og Skøy sytte for underhaldning ved bordseta. Til sist fekk Kirsten Grane ordet, ho var invitert til å ta for seg Askvoll og Vilnes si rolle i kristningstida og åra etterpå. Vi fekk høyre om kongsfeider i samband med samlinga av Noreg til eitt rike og kva rolle Vilnes og kyrkjestaden der hadde.

Tysdags morgon forlot seglasen Askvoll, i retning Korssundet, som første stogg på vegen til Bergen. Dei av deltakarane frå seglasen som var frå FN-sambandet, stogga att. Dei skulle vere saman med elevar



Skøy sto for underhaldninga også på samfunnshuset.

frå 9. klasse ved Askvoll skule, til ein dag med fokus på miljøvern og FN sine berekraftsmål.

Takk til Sunnivasegласen for vitjinga, og til Askvoll kommune, Kystkultur.no, Bjørgvin bispedøme og FN-sambandet for kjekt samarbeid rundt denne hendinga, som var med og synte at verdiane Sunniva-legenda minnar om, og fokus på vår lokale kystpilegrims-tradisjon kan spela ein viktig rolle også i dag.

**Kjell Olav Høstaker Nordheim**



**Elevar frå 1. og 6.-klasse ved Askvoll skule pynta opp kyrkja med teikningar denne kvelden.**






## Finn stjernevegen!

Finn du vegen gjennom stjernelabyrinten?



## Fargelegg

Jesus, Guds eigen son, vart fødd i ein stall i Betlehem.



Teikning:  
Claudia Chiaravalotti

## Finn 5 feil

Englar fortalde gjetarane at Frelsaren var fødd. Gjetarane løp inn til Betlehem for å sjå han. Teikning: Claudia Chiaravalotti



Gje barnebladet  
**BARNAS** til eit barn  
du er glad i!

Desse oppgåvene  
er henta  
frå bladet.

Bestill  
abonnement

på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no)  
eller **22 08 71 00**



## VITSAR

Ole var ikkje verdas smartaste pilot.  
Han flaug inn mot Gardermoen og fekk melding frå kontrolltårnet:  
– Meld inn høgde og posisjon!  
– Eg er 178 centimeter høg og sit heilt fremst i flyet, svara han.

I Molboland er det veldig strenge trafikklover når det gjeld sikkerheitsbeltet:  
Første gong du blir tatt utan å ha på deg beltet, får du 1000 kroner i bot.  
Andre gong får du 2000 kroner i bot.  
Tredje gong blir sikkerheitsbeltet indregnet.



# Jul og nyttår i gamle Sovjet

Etter 1917 og revolusjonen i Russland var regjeringa si haldning til nyttår og jul motstridande i lang tid. I fleire år var jula uoffisiell fridag i kalenderen, men dei som var borte frå jobb og feira vart bøtelagt for dette.

Juletreet, som jula er sterkt assosiert med, vart stempla som restar frå fortida. Juletre og juleferie vart forbode, men den gamle tradisjonen kunne ikkje stogkast med ein gong. Folk heldt fram å setje opp juletre i heimane sine, men ikkje utan frykt, for aktivistar gjekk i gatene og såg inn i vinduene, Komsomol-medlemmer [medlemmer av Ungdommens kommunistunion, red. anmerkning] kunne bryte seg inn i leileghetene til «uansvarlege borgarar».

Fram til 1935 var det ein alvorleg kamp mot religion – antireligiøse prosesjonar og førestillingar og antireligiøse karneval vart organisert. Og vi må ikkje gløyme dei blodige massakrene på geistlege – som etter ordre frå Lenin vart sendt til leirar eller skotne.

Den offisielle julehistoria i Sovjet-Russland endte i 1929 då den slutta å vere ein fridag. Det har vore ei ugjenkalleleg og fullstendig eliminering av julefeiringa. Julebasarar vart forbodne og det vart forbode å hogge og selge grantre. Det offisielle forbodet mot juletreet og nyttårsfeiringa i Sovjetunionen varte til 1935 – altså i 6 år.

Heilt på slutten av 1935 snudde styresmaktene i spørsmålet, og fordømde sjølv forboda sine. Alt vart annaleis – komsomol-medlemmer, pionerleiarar og lærarar måtte plutselig arrangere kollektive høgtidsfestar for barn på nyttårsaftan. På skular og barneheimar, i pionerpalasser, barneklubbar, barnekinoar og teatre – skulle det vere festar over alt!



Komsomol-ungdom (Lenins kommunistiske ungdomsunion), oktober 2018. Desse passa på at folk ikkje hadde juletre som var ulovleg. Foto: RIA Novosti archive, image #157794 / Shagin / CC-BY-SA 3.0, CC BY-SA 3.0 <<https://creativecommons.org/licenses/by-sa/3.0/>>, via Wikimedia Commons.



Julepynta GUM-senter sett frå Den Røde Plass. Foto: RudolfSimon, CC BY-SA 3.0 <<https://creativecommons.org/licenses/by-sa/3.0/>>, via Wikimedia Commons

Styresmaktene skjønnte til slutt at det var heilt umogleg å utrydde folketradisjonane og skikkene knytta til nyttårs- og julefeiringa. I 1935 endra Sovjetunionen sin statspolitikk seg og nyttårstradisjonar, som sto sterkt i folket, vart vedteke som en del av den verdslege feiringa av nyttår 1. januar. Eit dekret frå styresmaktene i 1936 introduserte den offisielle nyttårsfeiringa, men ikkje julefeiring. Det sovjetiske nyttårsritualet vart raskt utvikla og fylte den gamle juletradisjonen men med ei anna tyding.

Det sovjetiske folket vart overlukkeleg – i løpet av ein time vart det kjøpt 700 grantre på Zatspevsky-marknaden i Moskva. Rett nok hadde ikkje folk noko å pynte juletre med, for det var ingen juletrepynt i butikkane, men folk si oppfinnsomheit var stor. I daglegvarebutikken på GUM [eit tradisjonsrikt kjøpesenter på Den Røde Plass, red. anmerkning] i Moskva selde dei ut eit års forsyning med valnøtter til juletrepynt to dagar før nyttår. Godteri, eple, nøtter, kaker og papirleikar vart hengt på treet.

Juletreet vart høgtida si dronning igjen, men til nyttårsfeiringa, ikkje til julefeiringa. Overdådige tre kom tilbake til gatene og heimane, og produksjonen av juletrepynt kom i gang igjen. Sovjetiske diktarar skreiv raskt dikt og songar til barnefester, sjølv om mange av dei tidlegare forbanna både juletreet og jula.

Betlehemsstjerna på toppen av treet vart imidlertid erstatta av ein femkanta raud stjerne, og juletrepynten avbilda ikkje berre dyr og fugler, men også «revolusjonen sine heltar» – røde trompetistar,



trommeslagarar og kavaleristar. Greinene vart dekorert ikkje berre med bomull og søtsaker, som tidlegare, men også med kuler med bilde av Lenin, Stalin, Marx og Engels.

På nyttårsmøtet i 1937 i Moskva Foreiningshus dukka Ded Moroz (den russiske julenissen) og Snegurochka (hans barnebarn Snøjomfruen), opp for første gang – eventyrskikkelser som ikkje er forbunde med julefeiringa men med nyttårsfeiringa.

Sidan den gong har juletreet i Sovjet-Russland vore oppfatta som eit slags «nyttårstre», og sovjetiske leiarar prøvde å erstatte religiøse, kristne høgtider med offisielle, verdslege høytider. Styresmaktene til lot juletreet, men heldt fram med å kjempe mot jula. Jula vart ei høgtid berre for kyrkjelydane inne i kyrkjene.

Tradisjonen med å feire jul på statsnivå vart på nytt vekt til live i Russland i 1991. Det skjedde 7. januar sidan den vesteuropeiske kalenderen vart introdusert i landet ved et dekret fra 1918 og den gregorianske kalenderen, som var 13 dager foran den julianske kalenderen vart vedteke. Difor vart den ortodokse jula utsett til 7. januar, og nyttårsfeiringa til 13. januar. I Russland vert difor jul og nyttår feira to ganger i året til glede for barn og foreldre.



*Dagens juledekor i det gamle shoppingcenteret GUM på Den Røde Plass. Foto: ufukonen, CC BY 3.0 <<https://creativecommons.org/licenses/by/3.0/>>, via Wikimedia Commons.*

(Basert på materiale frå publikasjonar på Internett om dette emnet)

**Nikolai Sudenko**

## Prosteinnsetjing i Sunnfjord

*Sundag 20.september vart ein stor dag markert i Førde kyrkje. Biskop Halvor Nordhaug var til stades saman med representantar frå alle sokna i Sunnfjord prosti og andre inviterte til ei festgudsteneste kl. 16.00 og påfylgjande kyrkjekaffi.*

Vi var samla for å takke av prost Reidar Knapstad for lang og trufast teneste som prost i Sunnfjord, og for å ynskje velkomen Knut Magne Nesse som vår nye prost. Gudstenesta vart lyfta opp av flott korsong og musikk frå Førde Kyrkjekor og kantor Gro Gunnarson, og med ei sær songfør forsamling vart det verkeleg ei feiring av takksemd og glede.

Knut Magne skal halde fram med å bu i Florø, og Reidar vil framleis gjere teneste som vikarprest i Sunnfjord. Vi takkar Reidar Knapstad, og ynskjer Knut Magne Nesse velkomen.

**Ingvald Andersen Frøyen**  
**Sokneprest i Førde, Holsen**  
**og Haukedalen**



*Prost Reidar Knapstad, biskop Halvor Nordhaug og den nye prosten vår, Knut Magne Nesse.*



# Personalnytt

*Sjølvs om samfunnet på mange måtar har stått stille denne spesielle hausten, betyr ikkje det at det har vore stillstand. Denne hausten kan det vel seiast å vere ny rekord i nytilsetjingar på kort tid i kyrkja i Askvoll. Frå månadsskiftet august/september og fram til no har heile tre nye medarbeidarar teke til i arbeidet for kyrkja vår.*

*Siste ut er Hildegunn Helleset frå Helleset, som starta som sekretær på kyrkjekontoret i halv stilling no 1. desember. Tidlegare i haust fekk vi omsider på plass ny kyrkjelydspedagog i 80%, Guri Høstaker Nordheim frå Dale, men som har budd i Sogndal i mange år (og som mange veit er gift med soknepresten vår, Kjell Olav). Omtrent samtidig starta Nikolai Sudentko som organistvikar i 70% stilling. Nikolai kjem frå byen Krasnoyarsk langt aust i Sibir.*

*Staben i Askvoll gler seg over nye medarbeidarar, og her kan du bli litt betre kjent med dei.*



## HILDEGUNN HELLESET (KYRKJESEKRETÆR)

***- Du har ikkje arbeidd her mange dagane enno, men du blir vel snart kjent som «den hyggelege stemma» når folk ringer til kyrkjekontoret. Kvifor søkte du på stillinga som sekretær her?***

Eg var akkurat ferdig med eitt års vikariat i Holmedal barnehage, som vikar i utegruppa. Frå i haust har eg jobba som tilkallingsvikar, og at denne jobben dukka opp no passa meg veldig bra. Det virkar som ein spennande jobb med varierte oppgåver, noko eg trives godt med.

***- Du er frå kommunen her, frå Helleset, men du har budd ute i mange år. Kvar har du budd og kva har du gjort?***

Eg flytta frå Askvoll til Nordfjordeid i 1993. Der har eg blant anna jobba mange år i daglegvarehandelen, seks år som kontormedarbeider i ein elektro-/automasjonsbedrift og siste åra som assistent i barnehage.

***- Kvifor ville du tilbake til Askvoll?***

Tanken på å flytte heim har eg hatt sidan eg blei bestemor til Jonas for snart fem år sidan. Sidan kom Viktor for halvanna år sidan, og dei to var i stor grad avgjerande for valet mitt. Det betyr også mykje for meg å få vere litt nærare mi 80 år gamle mor, som tidlegare i år flytta på heimen i Askvoll.

***Kva ser du som mest utfordrande eller spanande med å ta til med jobb i kyrkja?***

Det er mykje nytt og ukjent å setje seg inn i, men eg har heldigvis gode læremesterar der. Det blir spennande å møte folk i ulike situasjonar, både i glede og sorg. Eg ser det som ei oppgåve med mykje menneskelegheit.

***- Kva likar du å gjere på fritida?***

Eg er glad i naturen og vil gjerne på tur. Eg likar meg best over tregrensa, gjerne med truger på føtene. Sommarstid blir det mykje båtliv og mc-turar.

***- Har du planar for jula?***

Dei to sonene mine kjem og feirar jul med oss i Sunnfjord i år. Vi samlast hos dottera mi og familien hennar i Askvoll.





### NIKOLAI SUDENKO (ORGANISTVIKAR)

**- Det er veldig langt frå Krasnoyarsk til Askvoll, ifølgje Google maps er det nesten 7.000 kilometer køyretur dit, ikkje langt frå Mongolia. Kvifor i all verden ville du arbeide her i Askvoll?**

Eg leita etter ei vikarstilling for nokre månadar på internett, og då oppdaga eg Askvoll.

**- Kva synest du om Askvoll så langt, det er vel veldig forskjellig frå Sibir?**

Eg synest Askvoll det er den beste plassen i verda – etter Herøy og Dønna og Krasnoyarsk, sjølvsagt. Det er flott å bo omgitt av høge toppar og havbølger, og blant gjestfrie, snille menneske.

**- Vi har blitt kjent med deg som ein veldig triveleg kar med glimt i auget og du har alltid ein humoristisk kommentar på lur. Korleis trivst du med kollegene dine i kyrkjestaben?**

– Eg trives veldig godt i kyrkjestaben. Det er godt nok når du vert forstått, spesielt i vanskelege tider for alle i Norge og i heile verda.

**- Du har arbeidd lenge som organist i Norge på mange ulike plassar. Korleis likar du Norge?**

– Det er som ei gåve frå Gud at eg fekk sjansen til å komme til Norge i 1992 og 1995 og at eg fekk organiststillinga i 1996 i Sør-Varanger kommune.

**- Du har familie i Krasnoyarsk. Kan du fortelje om dei?**

Kona Ludmila har jeg vore saman med sidan 1967. Vi har ei dotter, Julia, og barnebarna Anna og Roman. I 2001 vi gjentok vielsen i Den norske kyrkja. Denne gledelege hendelsen fann stad i Nikolaikirken på Gran. I 2003 fekk eg norsk statsborgarskap. Det var også ei gledeleg hending.

**- Og vi har skjont du held på å byggje nytt hus?**

Ja da. Kona mi har vore med alle plassar eg har jobba i Norge og her fekk ho sjå så mange flotte hus og «slott». Ho begynte å «plage meg» med idéen om eige hus i heimlandet, og no er huset vårt faktisk ferdig. Det står berre at noko arbeid inne huset.

**Vikaravtalen din i Askvoll går ut etter sommaren – kva skal du til med då? Har du tid til å verte pensjonist på fulltid?**

Heilt sikkert. Når eg kjem heim, så vi kan flytte inn i nytt hus og nyte livet som pensjonistar.

**- Kjem du til å sakne Askvoll når du dreg heim?**

Sjølvsagt vil eg skne alle mine kjære kolleger i Askvoll; Rune Ziener, Kjell Olav og Guri Høstaker Norheim, Marit Veberg Ask, Hildegunn Helleset.

Eg vil også sakne den fine naturen og med mykje vind og regn, og bølger frå havet som sprutar inn på balkongen min døgnet rundt i ferieileigheita i Askvoll som eg bur i no.





### **GURI HØSTAKER NORDHEIM KYRKJELYDSPEDAGOG)**

**– Mange i Askvoll har allereie møtt deg, særleg barn og ungdom. Kva gjer egentleg ein kyrkjelydspedagog?**

Ein kyrkjelydspedagog har først og fremst eit svært spennande arbeid, som består i å sørge for at barn og unge, frå dei er 0 til 18, skal få trusopplæring i kyrkja. Uttrykket «Trusopplæring» er det mange som ikkje kjenner så godt, men viss eg seier at trusopplæring er det same som dåpsopplæring, så nikkar folk gjenkjennande. Trusopplæring kan vere babysong, kirkerotteteater, bokutdelingar, konfirmantarbeid, og mykje meir. Det viktige er at det vert laga samlingar som er tilpassa dei enkelte aldersgruppene, og at dei kan kjenne seg heime i kyrkja si.

**– Og du har vore kyrkjelydspedagog før?**

– Ja, etter å ha jobba ein god del år som lærar ved Trudvang skule i Sogndal, fekk eg eg lyst til å søke på den nyoppretta stillinga som kyrkjelydspedagog i Sogndal og Leikanger. Det var eit spennande, men krevjande arbeid å vere første kyrkjelydspedagog i eit så stort område, med tidvis store grupper av barn og unge. Eg kunne ikkje klart det utan gode kollegaer og ei mengd med frivillige. Men det siste der, gjeld like mykje no. Utan dei andre i staben og mange frivillige medarbeidarar, så vert det ikkje mykje trusopplæring i Askvoll. Men saman får vi det til, det gler eg meg til!

**– Har du gjort deg nokon tankar om korleis barne- og ungdomsarbeidet i kyrkja i Askvoll kan bli betre? Kva kan vi få til her?**

Eg synes det er kjekt å sjå at fleire tiltak i trusoppøringa er godt innarbeidde i kyrkjene i Askvoll sokn. Denne hausten har vi hatt utdeling av 4- og 6-årsbøker i alle kyrkjelydane, og det var herlig å sjå kor forventningsfulle ungane var, sjølv om det også var litt skummelt for nokre å kome fram når navnet deira blei opplest. Det å invitere barn til samlingar før slike utdelingsgudstenester er dømer på kva vi kan gjere framover. Slik vert dei kjende med oss som jobbar i kyrkja – og kyrkjebygget, dei kan slappe av og kjenne seg heime i kyrkja. Å vere vitne til det er noko av det finaste eg ser i denne jobben!

I desse dagar jobbar eg, saman med trusopplæringsplanen, med å revidere trusopplæringsplan for Askvoll sokn, og håpet er at vi skal få i gang fleire nye tiltak frå neste haust.

**– Du er jo gift med soknepresten, Kjell Olav, korleis er det å jobbe saman som ektepar og vere saman både på jobb og på fritida?**

He, he, ja det er vel ikkje så vanleg no til dags å jobbe saman, slik vi gjer no. Men vi har prøvd det før, i den perioden vi begge jobba ved Sogndal kyrkjekontor. Det krev bevisstgjerung å vere kollegaer på jobb og «gift på fritida». Til no har det gått veldig bra, vi likar jo godt å vere i lag, då!

**– Prestegarden er ein staseleg bustad kva synest du om å bu der?**

Prestegarden i Askvoll er heilt fantastisk, og eg kjenner meg så heldig som får bu der! Det er veldig kjekt å få besøk av vener og familie og sjå korleis dei trivast i prestegarden og slappar av i hagen.

**– Kva likar du å gjere på fritida?**

Eg likar godt å komme meg ein tur på fjellet, eller gå turar rundt om i Askvoll med hunden vår, Luna. Eg er også glad i å lese, og å male bilete. Det siste skulle eg gjerne hatt meir tid til, men den tid kjem nok.

**– Har du noko spesielt ønskje for jula?**

Først og fremst gler vi oss til å få heim dei tre ungane våre. Som for andre studentar, har dette året vore prega av nedstengde skular, høgskular og universitet og begrensa muligheit for sosial kontakt med andre. Då trur eg nok det blir ekstra godt for mange å komme heim til jul!



# Takk til Marit!

*Det vert sagt at alt har sin ende. Det erfarer vi òg når Marit Veberg Ask no ved årsskiftet sluttar i stillinga si som sekretær ved kyrkjekontoret, der ho har arbeidd sidan 2010, for å tre inn i eit nytt tilvære som pensjonist. Faktisk er ho den i dag som har arbeidd lengst på kyrkjekontoret. Gjennom åra har svært mange av dykk vore i kontakt med ho, anten det har vore snakk om å planlegge livets merkedagar og høgdepunkt som barnedåp og vigsel, eller dei tunge stundene når gravferder skulle planleggast. Vi som har arbeidd saman med Marit ei stund set pris på oversikta ho har over kalenderen til staben, og at ho alltid passar på at dei tilsette er på rett stad til rett tid. Kyrkjebladredaksjonen har møtt Marit på tampen av karrieren.*

## **Du starta i stillinga som sekretær på kyrkjekontoret i 2010. Kva fekk deg til å søkje på den stillinga?**

Etter 39 år som sekretær i Klausen Mekaniske Verkstad på Helle, vart bedrifta avvikla og tida var kommen for å tenkje nytt. Eg var heldig og fekk eit års vikariat ved Askvoll kommune på økonomi og sekretær ved Pleie- og omsorgskontoret i Askvoll, og etter det som omsorgsarbeidar. Når det vart utlyst ei vikarstilling på kyrkjekontoret søkte eg, og fekk den. Etter det fekk eg fast stilling.

## **Korleis har du likt arbeidet på kyrkjekontoret?**

Eg var veldig spent på korleis dette kom til å gå. Det var mange slags oppgåver å sette seg inn i men ein spennande jobb, heilt ulikt det eg hadde vore innom tidlegare. Eg har jobba under to kyrkjevevjer før Rune kom inn, og tre organistar før Nikolai kom. Ikkje to dagar er like. Det er alltid kjekt å komme på jobb og ta fatt på ulike arbeidsoppgåver. Du møter publikum anten gjennom telefon eller på kontoret. Det er alt frå dåp, konfirmasjon, vigsel og ikkje minst når vi alle har bruk for hjelp og rettleiing i samband med gravferd. Vi er alle ulike som menneske og må vere åpne for dei mange utfordringar som ligg i møtet med dei pårørande.

## **Kan du anbefale andre å ta seg jobb i kyrkja?**

Ja, på det sterkaste.

## **Kva skal du til med no, når du trekkjer deg tilbake frå arbeidslivet**

Ja, sei det. Eg skal nok sove ein time lenger, ta ein lang frukost utan å følgje klokka og la føremiddagen berre gå i mitt tempo, få meir tid til dei som står meg nærast, og der kjem barnebarna i første rekke. Eg har alltid brukt mykje av fritida mi ute i hagen blant blomster og busker gjerne med kaffikoppen innan rekkevidde. Der finn eg heilt sikkert nye prosjekt, berre eg får Johnnyn med på det. Fotografering er ein hobby eg har, der eg sikkert har tusenvis av bilde, etter turar frå sør til nord. Eg håper å få tid til eit system som etter kvart vert til fine album. Strikketøy er aldri langt unna, så vert vel ikkje mindre av dei syslane. Eg trivst godt i eige selskap med ei god bok eller ein god film på tv. Eg likar å reise og sjå nye bygder og byer langs vårt langstrakte



land. Bubilen håper eg vi kan bruke meir, når vi slepp å planlegge så mykje. Kanskje vert det meir tid med vener og sysler med dei også.

## **Trur du at du kjem til å sakne arbeidet og kollegene dine?**

Ja, det er eg heilt sikkert på! Eg skal nok få tid til å stikke oppom for ein kaffikopp og ein god prat.

## **Jula 2020 ser ut til å bli litt utanom det vanlege, korleis ser jula di ut?**

Vi har vel alle opparbeidd oss våre tradisjonar gjennom eit langt liv. Det vert ikkje dei store samankomstene med slekt og vener p.g.a. av tida vi no er inne i.

På julaftan vert det julemiddag heime i byggjefeltet saman med Ann Kristin, Trond og deira fire gitar. Det gler vi oss til. Kjekt å samlast rundt matbordet med pinnekjøtt og gode samtalar.

Thomas med familie bur i Bergen. Dei skal vi treffe til førjulkos der. Robert med familie er busett i Førde og er her ute mykje, så det vert nok ein julemiddag med dei og. Den store samlinga med alle saman får vi ta igjen.

**Redaksjonen nyttar høvet på vegne av stab, sokneråd og kyrkjelyd til å takke Marit hjarteleg for ein mangeårig innsats, og ønskje lukke til med nytt tilvære.**



*Vi er din lokale fagbutikk i kommunen  
som leverer alt av blomar  
i anledning gravferd:*



- *Kistedekorasjon*
- *Hjerte*
- *Kors*
- *Krans*
- *Bårebukett m.m.*



*Vi er og forhandler av gravminne, gravering og rens av stein.*

**Fjordane**  
BEGRAVELSESBYRÅ

- ditt byrå i Fjordane

Vi har samarbeid med Lailas Blomster

For meir informasjon sjå vår heimeside

[www.fjordan.no](http://www.fjordan.no)

epost: [post@fjordan.no](mailto:post@fjordan.no)

Lindbøen 2

6809 Førde

Vakttelefon 57 82 70 30

Markegt. 42


6900 Florø

Vakttelefon 57 74 31 36

Lailas Blomster

Telefon

57 73 02 95





# Sunnfjord Gravferdsbyrå

Vi vil på beste måte  
hjelpe dykk som pårørende,  
med alt som høyrer  
ei verdig gravferd til.



**Blomstertorget A/S**

**Dale Senter • 6963 Dale i Sunnfjord**

Telefon 57 73 98 00 • Mobil 975 21 569

[www.blomstertorget.no](http://www.blomstertorget.no)



*Salg, montering og service av varmepumper*

Ole Andreas Myrstad

[www.comfortservice.no](http://www.comfortservice.no)

Tlf. 906 32 818

**Panasonic**  
ideas for life



**MITSUBISHI  
ELECTRIC**

 **NOVAPGODKJENT  
FORHANDLER**

**Isovator**  
F-gass  
Sertifisering





# EI HJARTELEG TAKK!

**20. oktober i fjor låg fylgjande melding ute på Facebook:**



*Olset mannskor.*

*Det minskar på bedehusa i landet, og desse bygningane er vel ikkje av dei som har fått mest økonomisk støtte frå det offentlege gjennom åra. Når bedehusa blir borte, så forvitrar også mykje av vår identitet, religion, kulturarv og tradisjon.*

Olset bedehus, med gardsnamnet «Klippen», har nyleg blitt tilknytt vassverket etter å ha fått vatnet frå eigen bekk i mange år. Det har også blitt asfaltert rundt bygningen slik at ein slepp grus som renn vekk...

Slik skreiv Jarl Audun Rivedal m.a. i innlegget sitt.

Over eit år har gått sidan desse prosjekta vart gjennomførte, og det er no på høg tid å få retta ei hjarteleg takk til alle dykk som var med på dette store økonomiske løftet.

Olset bedehus vart bygd på dugnad i 1993, og takka vere stor givarglede sto det gjeldfritt på vigslodagen. Kwart år sidan har det vore arrangert ein basar til inntekt for huset for å kunne dekke alle utgiftene. Overskotet gjekk inn på ein sparekonto med tanke på m.a. asfaltering.

Vi i styret vil med dette takke bygdefolket for små

og store bidrag i samband med ekstrainnsamlinga i fjor som gav oss vel 105.000 kr. Takk også til alle dykk som har støtta basaren vår år etter år slik at desse prosjekta kunne realiserast utan at vi måtte ta opp lån! Ein ekstra takk til Olset mannskor/mannskvartett som trufast har stilt opp med god song både på basarar, julefestar m.m.

I tillegg til bedehuset sine egne samvær, leiger vi ut til diverse anledningar som barnedåp, konfirmasjon, bursdag og andre samlingar. Huset er godt utstyrt, parkeringsplassen framifrå (også for deg som vil gå tur på Olsetåsen!) og vatnet – det er sjølsagt friskt og godt frå Nyksvatnet!

Ta gjerne kontakt med oss!

***På vegner av styret for Olset bedehus  
Liv Hushagen***

## Mariahelg på Alværa Misjonscenter, Lavik 2021

5.–7. mars 2021, arrangerer NMS Mariahelg for damer i alle aldrar. På Mariahelg får vi påfyll for trua vår, samtidig er det kjekt å komme ilag og ha god tid til samtale og gode historier. Det er tid til avslapping, oppleve naturen ved sjøen og ikkje minst nyte god mat.

Tema for helga er «Berekraft». Hanne Schnitler frå Førde vert med som hovudinnleiar for temaet. Hanne er tidlegare drivar av butikken «Om att». Ho har hatt engasjement for miljø, gjenbruk med meir sidan ho gjekk på vidaregåande. Ho vil belyse temaet frå fleire vinklar og bevisstgjere oss på bruk/forbruk, blant anna.

**Spørsmål om helga/program – ta kontakt med Hanne Bildøy  
tlf 996 10 528, e-post [hanne@bildoys.no](mailto:hanne@bildoys.no)**



# Velkommen til gudsteneste



## ASKVOLL KYRKJE

**Torsdag 24. desember kl. 16.00**  
Julaftangudsteneste

**Torsdag 31. desember kl. 16.00**  
Nyttårgudsteneste

**Søndag 10. januar kl. 11.00**  
Gudsteneste

**Søndag 24. januar kl. 17.00**  
Gudsteneste

**Søndag 07. februar kl. 11.00**  
Familiegudsteneste

**Søndag 17. februar kl. 19.00**  
Gudsteneste

**Søndag 28. februar kl. 17.00**  
Gudsteneste

**Søndag 07. mars kl. 17.00**  
Gudsteneste

**Søndag 21. mars kl. 17.45**  
Gudsteneste

**Skjærtorsdag 01. april kl. 18.00**  
Gudsteneste

**Søndag 04. april kl. 11.00**  
1. påskedagsgudsteneste



## VILNES KYRKJE

**Torsdag 24. desember kl. 11.30**  
Julaftangudsteneste

**Søndag 03. januar kl. 11.00**  
Gudsteneste

**Søndag 07. februar kl. 13.30**  
Familiegudsteneste

**Søndag 07. mars kl. 11.00**  
Gudsteneste

**Søndag 04. april kl. 13.30**  
1. påskedagsgudsteneste

Sjå oppdaterte  
gudstenestelister på:  
[askvoll.kyrkja.no](http://askvoll.kyrkja.no)



## HOLMEDAL KYRKJE

**Torsdag 24. desember kl. 14.00**  
Julaftangudsteneste

**Fredag 1. januar kl. 17.00**  
1. nyttårgudsteneste

**Søndag 17. januar kl. 11.00**  
Gudsteneste

**Søndag 14. februar kl. 15.00**  
Familiegudsteneste

**Søndag 14. mars kl. 11.00**  
Gudsteneste

**Fredag 02. april kl. 20.00**  
Langfredagsgudsteneste

**Søndag 11. april kl. 11.00**  
Familiegudsteneste



## KVAMMEN KAPELL

**Torsdag 24. desember kl. 14.00**  
Julaftangudsteneste  
(tilgjengeleg på internett)

**Søndag 10. januar kl. 19.00**  
Gudsteneste

**Søndag 14. februar kl. 11.00**  
Familiegudsteneste

**Søndag 14. mars kl. 19.00**  
Gudsteneste

**Søndag 28. mars kl. 11.00**  
Gudsteneste

**Søndag 18. april kl. 11.00**  
Gudsteneste

## VÆRLANDET KAPELL

**Søndag  
28. mars  
kl. 10.30**  
Gudsteneste



## STONGFJORDEN KAPELL

**Søndag 3. januar kl. 17.00**  
Gudsteneste



## BULANDET KAPELL

**Fredag 25. desember kl. 13.00**  
Familiegudsteneste. Lysmesse

**Søndag 31. januar kl. 10.30**  
Gudsteneste

**Søndag 28. februar kl. 10.30**  
Gudsteneste

**Torsdag 01. april kl. 10.30**  
Skjærtorsdagsgudsteneste

## COVID-19

Gudstenestelista er sett opp med atterhald om endringar. Vi vil til ein kvar tid gjennomføre gudstenester og andre arrangement i kyrkjene i samsvar med nasjonale reglar og tilrådingar med omsyn til smittevern.

Hald deg oppdatert om kva reglar som gjeld for kyrkjene på våre heimesider

[www.askvoll.kyrkja.no](http://www.askvoll.kyrkja.no)

eller på vår Facebookside:

[facebook.com/kyrkjaiaskvoll](https://facebook.com/kyrkjaiaskvoll)

## Digital julekonsert

sendt frå Holmedal kyrkje

19. desember kl. 16.30

Link vert lagt ut på

Facebook-arrangement

Eller følg på

[www.kyrkjadirekte.no](http://www.kyrkjadirekte.no)

Arr.: Folkeakademiet Askvoll

Sponsorar: Lailas Blomster og Nærmiljøsentralen



# Kyrkjelege handlingar



## DØYPTTE 2019 OG 2020

### ASKVOLL

23. februar	Matteo Matrella Leknes
05. juli	Elian Andres Arancibia
12. juli	Sunniva Solheim Rørvik
30. august	Hanna Bjørneklett Jacobsen
04. oktober	Oliva Josefine Høydal Knutsen

### BULANDET

16. februar	Lance Angelo Grepstad
20. juni	Dagny Hillersøy <i>Døpt i Leikanger Kyrkje, Stadlandet</i>

### KVAMMEN

21. februar	Levi Leknes-Bruket <i>Døpt på Haukeland Sykehus</i>
18. juli	Ella Stubhaug Søndena
20. september	Erik Ljøner Rysjedal
18. oktober	Klara Petrine Bråstad

### HOLMEDAL

22. desember	Githa Angelika Kløvtveit
24. desember	Jostein Vågane Erikstad
29. februar	Ragnhild Ona Bakke
18. oktober	Aurora Søgner Bu <i>Døpt i Dale kyrkje</i>
18. oktober	Noelle Tangedal Nilsen

### VILNES

24. desember	Herman Gjervik
24. mai	Edlih Saltskår
20. juni	Henrik Waagene Engevik
26. juli	Tuva Hagen Lammetun
26. juli	Nora Hagen Lammetun

## VIGDE



### BULANDET

20. juni	Anne Irene Fedøy og Rune Kalvøy
----------	---------------------------------

### KVAMMEN

18. juli	Ingunn Stubhaug og Erik Søndena
18. juli	Andrea Ålen og Per Aslak Myraunet

### VILNES


26. juli	Mari Flem Hagen og Oddeir Lammetun
----------	------------------------------------

## Automatisk ringeanlegg i Askvoll kyrkje

Det er no montert automatisk ringeanlegg og lukeopning i Askvoll kyrkje.

Installeringa er gjort av klokkestøperiet Olsen & Neuen i Tønsberg.

Prosjektet ligg i investeringsbudsjettet for 2020 med kr 250.000,- finansiert med investeringstilskot frå Askvoll kommune.



## Trusopplæringsutvalet er på plass

Soknerådet har i haust oppnemnt eit nytt trusopplæringsutval for soknet. Det er sett saman av Sigrid Lunde (leiar), Karen Anny Espedal, Lillian Oddekalv Gjervik, Arnt Johny Langeland og Stine Solheim Rørvik.

Kyrkjelydspedagogen Guri Høstaker Nordheim er sekretær og fagansvarleg for utvalet. Utvalet skal ha særleg merksemd retta mot trusopplæringsarbeidet i soknet og bidra til å styrkje det lokale engasjementet for trusopplæringa i kyrkjelyden.

Vidare skal utvalet sjå til at lokal trusopplæringsplan vert evaluert og vidareutvikla, samt at tiltak i planen vert gjennomførte. Etter planen skal gjeldande trusopplæringsplan vere revidert i mai månad 2021.





## GRAVLAGDE 2019 OG 2020

### ASKVOLL

10. desember	Rikhard Andersen	f. 1939
13. desember	Sollaug Arny Lammetun	f. 1936
20. desember	Turid Steinsland	f. 1927
02. april	Torbjörg Nelly Strømmen	f. 1923
07. mai	Harald Johan Kimsås	f. 1932
08. mai	Vigdis Eidem	f. 1951
04. juni	Liv Turid Hagen	f. 1941
03. juli	Vigdis Helene Waagene	f. 1953
24. juli	John Helge Ask	f. 1930
01. september	Anna Kvamme	f. 1926
08. september	Solveig Gjervik	f. 1939
25. september	Agnes Jenny Solheim	f. 1922
02. oktober	Björg Ask	f. 1933
06. oktober	Erling Magne Kjus	f. 1957
26. oktober	Jarle Håvard Nikøy	. 1984
13. november	Johannes Askevold	f. 1942

### GJELSVIK

19. desember	Lars Harald Russenes	f. 1924
02. juli	Bjarte Grytten	f. 1966
18. september	Atle Kåre Grytten	f. 1945
09. oktober	Anne Ruth Stubhaug	f. 1946
27. oktober	Solveig Johanne Aalen	f. 1937

### STONGFJORDEN

03. mars	Knut Ole Holmar	f. 1936
23. juni	Jermund Ølnes	f. 1939
23. juli	Magnar Andreas Storevik	f. 1937

### HOLMEDAL

30. desember	Gerd Gjerde Erikstad	f. 1956
24. januar	Erling Eikenes	f. 1934
04. februar	Olav Søreide	f. 1931
26. juni	Helge Søgner	f. 1936
31. juli	Minda Eikemo	f. 1923
22. oktober	Kjell Skjoldvard Ask	f. 1931

### VILNES

19. desember	Gerhard Barsnes	f. 1922
20. februar	Matias Olai Hugøy	f. 1934
31. juli	Jorunn Vilnes	f. 1937
08. oktober	Klaus Andreas Herland	f. 1943
16. oktober	Solbjörg Marie Nordheim	f. 1940
23. oktober	Steinar Sigmund Leirvåg	f. 1935

### VÆRLANDET

30. januar	Björg Irene Alden	f. 1955
28. februar	Jofrid Kirsten Alden	f. 1943
13. mars	Jofrid Halsøy Alden	f. 1937
04. desember	Jardar Melvær	f. 1942

### VÅGANE

15. september	Klara Marie Vågane	f. 1928
15. april	Asbjørn Severin Stavestrand	f. 1935

## Lysekrunene er tilbake på plass

Det som etter planen skulle vere eit kortvarig verkstadopphald for å restaurere dei to lysekrunene i Askvoll kyrkje har av ulike årsaker drege ut i tid. Lysekrunene er frå 1859, altså frå den førre kyrkja i Askvoll som brente ned i 1862.


Vi har fått støypt to nye lysekrunearmar og mansjettar hos Nidaros Metallvarefabrikk i Trondheim, og vi har fått godkjenning på å bytte ut glødepærene med LED-lys. Lampehaldarane er bytta ut med ein kvit type og det elektriske opplegget i lysekrunene er skifta ut. Dette arbeidet er det Petter Jonny Rivedal som har gjort.

No før jul er lysekrunene endeleg tilbake på plass – og vi kan gle oss over lys i kyrkja til jul.



*Petter Jonny Rivedal henger opp lysekrunene i Askvoll kyrkje etter restaureringa.*





# GUDSTENESTER I JULA

## JULAFTAN

Kl. 11.30 Vilnes kyrkje  
Kl. 14.00 Kvammen kapell  
Kl. 14.00 Holmedal kyrkje  
Kl. 16.00 Askvoll kyrkje

## JULEDAG

KL. 13.00 Bulandet kapell

## NYTTÅRSAFTAN

Kl. 16.00 Askvoll kyrkje

## NYTTÅRS DAG

Kl. 17.00 Holmedal kyrkje



**DEN NORSKE KYRKJA**  
**Askvoll**



### KYRKJEVERJE

Rune Ziener

✉ kyrkjeverje@askvoll.kyrkja.no  
☎ 479 63 319



### KYRKJESEKRETÆR

Hildegunn Helleset

✉ sekretaer@askvoll.kyrkja.no  
☎ 918 74 724



### SOKNEPREST

Kjell Olav Høstaker Nordheim

✉ sokneprest@askvoll.kyrkja.no  
☎ 482 43 056



### KYRKJELYDSPEDAGOG

Guri Høstaker Nordheim

✉ pedagog@askvoll.kyrkja.no  
☎ 481 06 298



### ORGANIST

Nikolai Sudentko

✉ organistvikar@askvoll.kyrkja.no  
☎ 906 27 469

No kan du betale for  
kyrkjebladet på sms

Send **BLAD**  
på sms til **2380**

(200 kr.)

## ASKVOLL KYRKJEKONTOR

Postboks 14, 6988 Askvoll  
Askvollvegen 431, 6980 Askvoll  
Telefon: 918 74 724 · E-post: post@askvoll.kyrkja.no  
Heimeside: www.askvoll.kyrkja.no  
Facebook: www.facebook.com/kyrkjaiaskvoll.



### Kyrkjebladredaksjonen:

Rune Ziener (ans. red.), Hildegunn Helleset, Kjell Olav Høstaker Nordheim  
**Leiar Askvoll sokneråd:** Jostein Gryte, tlf. 909 38 382

Org.nr. 976 996 267 • Bankkonto: 3740.15.57696

**Dåp**  
**– ein god start på livet**

Vi får ikkje lenger informasjon om nyfødde barn. Difor får vi ikkje sendt ut dåpsinvitasjon til nybakte foreldre, slik vi gjorde før.

Ta kontakt om du ynskjer dåp!  
Send epost til sekretaer@askvoll.kyrkja.no, eller ring mobilnr.918 74 724

**DEN NORSKE KYRKJA**  
Askvoll sokn